

Til NVE

Fråsegn - sak 202320330

Vedkomande tilleggsutgreiing om villrein - i Lyse Kraft DA sin konsesjonssøknad for ombygging av kraftverk tilhøyrande Røldal-Suldal Kraft - datert november 2025.

Søknaden er basert på ein idé om auka verdiskaping frå kraftanlegget ved eit samspel mellom uregulert kraft frå vind- og solkraft i kombinasjon med pumpekraftverk. Store kombinerte pumpe-turbin aggregat med stor effekt skal kunna levera mykje dei timane i døgnet det er høgast pris.

Inntektene vil kunna bli vesentleg høgare i ein kraftmarknad med variabel pris, sjølv om den totale årsproduksjonen ikkje blir nevneverdig større, eller for deler av anlegget, til og med mindre enn med dagens kraftverk.

Prosjektet vil vera prisdrivande og dermed til skade for allmenn kraftforsyning og norsk industri.

Kraftverksdrift i Norge må ta omsyn til norsk klima og miljø:

I Norge har vi fire årstider, om vinteren er det kuldegrader og islagde fjellvatn.

Landet vårt er ikkje som på eit laboratorium der ein kan leika og simulera med vatn i ulike magasin utan å ta omsyn til årstider, villrein, dyreliv og menneske.

Pumpekraftverk av den typen som er omsøkt frå Lyse Kraft DA er i motstrid med norsk natur og klima. Prosjektet vil medføre stor fare for både dyr og menneske.

Naturlege ferdselsveggar vinterstid vil bli omdanna til farlege feller. Ferdsla vil bli tvinga opp i fjella rundt magasinerna med auka problem og fare.

Votnamagasinet vil bli ei felle for villrein, og folk på fjelltur vil bli tvinga opp i fjella rundt magasinet.

Ferdsel i fjellområda kan uroa reinsdyra meir og kan også medføre at menneske kjem inn i rasfarlege område.

Valdalen er ein oppdemt stølsdal, som er svært viktig for tilkomst til Hardangervidda og til eigedomar i dalen.

Pumpekraftverk vil øydeleggja for all ferdsel på isen og det finst ingen sikre alternativ.

Valdalsmagasinet er ikkje i villreinen sitt trekkområde, men dårleg eller manglande is vil medføre at ferdsla må skje i fjella rundt magasinet og dette kan dermed uroa reinsdyra.

Rapporten til Lyse nevner "himmelturen" (1000 moh), Heialeite - Storavatnet -

Tjødnaustølskar til Grytingstølen vest for Valdalsmagasinet, som eit alternativ ved øydelagd is på magasinet. **Det stemmer ikkje, terrenget er bratt og rasfarleg og ikkje egna for tilkomst til Valdalen.**

Vassdraget er alt påført stor skade - prosjektet må aldri bli realisert!

Viser elles til fråsegn frå Sondof Rabbe datert 29.01.26, med fleire detaljer.

for Røldal grunneigarlag
Olav S. Rabbe